

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 21.02.2025

Vår ref.: 202202956-3 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Høyring av søknad om Tyssebotn kraftverk i Tysseelva i Osterøy kommune, Vestland fylke

NVE har fått søknad frå Småkraft AS om løyve etter vassressurslova til bygging av Tyssebotn kraftverk og søknad om anleggskonsesjon for å knytte kraftverket til nettet. Søknaden blir no send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 09.04.2025.

Søknad om Tyssebotn kraftverk

NVE har fått søknad frå Småkraft AS, datert 18.09.2024, om løyve etter vassressurslova til bygging av Tyssebotn kraftverk. Kraftverket er planlagt mellom Øvre og Nedre Botnevatn i Tysseelva, og vil dermed nytte den eksisterande reguleringa av Ljosvatn og Øvre Botnevatn. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8817/V. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova.

Søknad om anleggskonsesjon for elektriske anlegg

NVE mottok søknad frå Småkraft AS den 21.01.2025 om løyve etter energilova til å byggja, eiga og drive elektriske anlegg i kraftverket, og ein kraftleidning for å knytte Tyssebotn kraftverk til nettet. Småkraft søker om å knytte kraftverket til nett via ein 22 kV jordkabel frå kraftstasjonen til over brua ved Nedre Botnavatn og vidare som luftleidning i eksisterande luftleidningstrasé frå brua ved Nedre Botnavatn og fram til eksisterande nettstasjon ved Gamle Tøsse kraftstasjon, som er eigd av BKK nett. Totalt er traseen ca. 3,2 km lang. Småkraft AS søker òg om ein ca. 450 meter lang 1 kV jordkabel mellom kraftstasjonen og inntaket, og om generator og transformatorar som skal plasserast inne i kraftstasjonen. Søknaden og kart over tiltaket er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/21559/A.

Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyring av søknaden ønskjer NVE å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også



grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8817/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202202956 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202202956 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

09.04.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom fråsegnene er lange, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Osterøy kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Marianne Angård
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

**Mottakarliste:**

Norges Jeger- og Fiskerforbund

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

STATNETT SF

Osterøy kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

TELIA NORGE AS

TELENOR NORGE AS

BKK AS

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold

Mattilsynet

Bergen og Hordaland Turlag

Friluftsrådernes Landsforbund - Bergen og Omland Friluftsråd

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Grunneiere/rettighetshavere

Norsk Friluftsliv

Osterøy Turlag

Osterøy JFL

Naturvernforbundet

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Merete Farstad

VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Sveinung Klyve

Kopimottakerliste:

SMÅKRAFT AS

SMÅKRAFT AS - Katarina Eftevand